



Den sveitsiske gruppa samla på Rabben. Dei er Florence Niklos, Simon Niklos, Alexis Jaquet, Johannes Karad, Basile Illan, Simon Wicky, Gaele Romy, Vincont Fossord, Cudiune Jordan og Sebastian Frageiere (guide). Alle er frå Bulle med unntak av dei 2 fyrste, som er frå Fribourg.

At sveitsarar klatrar i norske fjell er neppe vanleg og at dei legg aktiviteten sin til Ulvanåso i Uskedalen er enda sjeldnare. Ikkje desto mindre ventar 10 unge sveitsarar som bur på Rabben no på betre klatrever slik at dei etter 2 forjeves forsøk skal nå til topps på det stadig meir populære klatrefjellet vårt. Dei er mellom 16 og 20 år men har allereie klatra i fleire land - til dømes Italia, Frankrike og Nepal i tillegg til heimlandet. Men kvifor valde dei Noreg og Uskedalen denne gongen?

Dei har tre svar på det spørsmålet:

- * På grunn av at Nåso har ein så unik granittvegg
- * Fordi det er relativt få turistar i norske fjell
- * Fordi vi har ein så vakker natur

Ungdommane er medlemmer av Section La Gruyere som er ein lokalavdeling av Club Alpin Suisse. Avdelingen har rundt 200 medlemmar og er svært aktiv.

8 av dei kjem frå byen Bulle som ligg i den fransktalende del av landet vel ein halvtimes køyring frå Lausanne i retning Bern. 2 kjem frå Fribourg som ligg litt nærare hovudstaden.

Gruppa er i Noreg så lenge som 3 veker. Den fyrste veka nytta dei til å gå i fjellet, nærare bestemt frå Kinsarvik til Odda. Denne veka er dei i Uskedalen og siste veka forflyttar dei seg til Øvre Årdal og då har dei

Horrungane og Store Skagastølstind som mål.

Men dei uttrykkjar seg med stor respekt for 'Storen' og vil ikkje gå laus på han utan vidare sjølv om nokon av dei har vore høgare enn 5000 meter i Himalaya og gruppa har passert 4000 meter i heimlandet då dei besteig Weissmies.

Dei har naturleg nok konsentrert seg om Alpane, men har ikkje vore freista av Matterhorn fordi det er så mange turistar der.

At innslaget av jenter i gjengen er så stort oppfattar kanskje vi som overraskande, men det er ikkje uvanleg i Sveits.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen